



Kaptein og områdesjef i HV, Michael Røsland, fortalde sanitetsleiinga i Sjøforsvaret om krigshandlingane i Uskedalsområdet i 1940. Her står han ved brua. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med kaptein og områdesjef i HV Michael Røsland som lærar fekk leiinga i Sjøforsvarets sanitet laurdag veta mykje dei ikkje visste om det som gjekk føre seg i Uskedalen og distriktet rundt i dei dramatiske krigsdagane i 1940.

Ombord i ein stridsbåt 90 og i en fart på inntil 40 knop vart 11 menn og tre kvinner frakta raskt fram og attende mellom Ånuglo og Strandebarn. Historieleksjonen var ein del av ei øving som gjekk føre seg denne helga. Uskedalen var eit svært sentralt punkt i forsvaret av Hardangerfjorden og Røsland la også fram materiale som ikkje har vore publisert tidlegare. Etterkvart vart Uskedalens viktige rolle oppdaga av tyskarane og det vart då klart for dei at dei måtte erobre staden før dei kunne utnytte fjorden til egne føremål. I dei kritiske timane gjorde ikkje minst telefondamene ein framifrå jobb med å sende meldingar. Ein annan viktig ressurs var skyttarlaga.

Av dei meir kuriøse hendingane midt under den harde striden ved brua var den då ein dansk sjømann kom krypende og spurde om å få vera med. Ein annan var den då ein skyttarlagsmann bedømte avstanden fram til Kapteinsgården til 150 meter etter å ha skote ei høne.

Nordmennene låg i ein god posisjon ved Skårhaug og hadde eigentleg gode sjansar til å stoppa tyskarane, Men så opna artilleribåten Bremse bombardement samstundes som dei tyske soldatane landsett i Dimmelsvik omgjekk skyttarlaget og kom i ryggen på nordmennene. Då måtte sjefen, kaptein Ulstrup, gje ordre om at dei skulle trekkja seg ut av kampen og oppover i dalen.

Uskedelingen Røsland, som har gjort teneste både i kystvakta og på ubåt, fekk sterk applaus då den historiske ekskusjonen var avslutta ved Uskedals-brua. Han vart invitert til den neste sanitetssamlinga – i Strandebarn.

Uskedalsbrua vart ikkje sprengt under trefningane 20. april 1940, men til for få år sida har den mislukka freistnaden på sprengning med ei mine vore synleg som ein runding oppå brudekket.

Sanitetsfolka fekk og ei stutt orientering om revolverkanona på Sandakaien som er Uskedalens mest konkrete krigsminne. Og dei sneia innom bautuaen over dei frå vår dal som vart sendt mot svenskane i byrjinga av 1800-talet.

Av Ola Matti Mathisen



Sjeldan gjest legg til ved Sandakaien – ein stridsbåt 90. (Foto: Ola Matti Mathisen)